



Klasseromsaktivitet – fornybar energi!

Du treng to ulike typar tørka bønner/legoklossar/teljeknappar. Vel to typar som er tydeleg ulike i utsjånad. Den eine typen representerer kol, den andre vindkraft.

Før klassen din kjem, plasserer du 100 stykk av kvar bønnesort rundt i klasserommet. Dei treng ikkje å skjulast, men dei bør spreiest ganske langt og breitt. Eg seier alltid til elevane at dei ikkje treng å opne nokon skuffer eller skapdører for å finne dei. På tavla teiknar du inn to kolon: eit for kolkraft og eit for vindkraft.

Del klassen inn i to lag. Eitt lag er kolgruvearbeidarane. Det andre laget er vindkrafteigarar. Vis elevane korleis «kolet» ser ut, og korleis einingane for «vindkraft» ser ut. Send laga ut i felten for å sjå etter ressursen sin. Gi dei 30 sekund til å finne så mange dei kan. Når 30 sekund er omme, samlar kvart lag seg i hovudkvarteret sitt med alle ressursane dei har funne.

Mens laga tel ressursane dei har samla, tek du ein runde rundt i klasserommet og legg ut meir vindkraft. Eg pleier å leggje ut ca. 50 nye «vindkraftbønner». Eg har det liggjande klart i små posar.

Etter at teljinga er fullført, må kvart lag registrere på tavla talet på ressursar dei har samla inn. 1 poeng for kvar bønne.

Gi laga nye 30 sekund til å samle så mange ressursar dei kan. Igjen skal dei gå tilbake til hovudkvarteret og telje. Og igjen fører dei opp på tavla kva laget har funne.

Endå ein gong legg læraren ut meir vindkraft til forsyninga. Gjenta minst ein gong til (meir viss du ønskjer det).

På eit tidspunkt i løpet av prosessen vil elevane leggje merke til at du legg til vindkraft. Dei vil byrje å stille spørsmål (spesielt kolgruvearbeidarane!). Eg pleier å svare at det skal vi snakke om seinare. På slutten av opplegget vil elevane leggje merke til at kolgruvearbeidarane samla inn mindre kol for kvar runde, mens vindkrafteigarane samla inn omtrent like mykje vindenergi for kvar runde.

Det er då eg fortel om kva fornybare og ikkje-fornybare ressursar er, og at dei ikkje-fornybare ressursane blir brukte opp frå jordkloden. Eg spør kva dei trur er grunnen til at eg legg ut nye vindkraftbønner etter kvar omgang. Dette opplegget visualiserer forskjellen på fornybar energi og ikkje-fornybar energi. Ein fornybar energi tek aldri slutt.

